

Årsmelding 2025



KFUK-KFUM Ulstein



KFUK-KFUM Ulstein

KFUK-KFUM er ei forkorting for Kristen Foreining for Unge Kvinner og Unge Menn. Føremålet til KFUK-KFUM Norge er å utvikle og ta ansvar for heile mennesket med ånd, sjel og kropp. Vi vil hjelpe menneske å leve og vekse i tru på Jesus Kristus og i mellommenneskeleg forståing, og utfordre til engasjement og handling i kyrkje og samfunn, lokalt og globalt.

Vi er ein del av YWCA og YMCA – verdas største kvinnerørslé og ungdomsrørslé. Vi høyrer til KFUK-KFUM Møre og Romsdal og KFUK-KFUM Norge, som har samarbeid med KFUK-KFUM-speidarane, og vi samarbeider tett med Ulstein sokn både i høve til lokalitetar, ressursar og programarbeid.

KFUK-KFUM Ulstein er eit aktivt lag for folk i alle aldrar som ønskjer å ta del i eit kristent og mangfaldig fellesskap. Basen vår er samlingshuset Fredheim i Ulsteinvik. Ved årsskiftet hadde hovudforeininga 83 betalande medlemmar. I tillegg kjem medlemmane i undereiningane våre. Sjå meir om det under dei ulike overskriftene under. Årsmeldinga rapporterer frå årsmøte til årsmøte.

Verv i 2025-2026

(valgt i årsmøtet 25. feb 2025)

Hovudstyret:

Arnt Ole Grimstad (2024-2026)

Liv Astrid Langnes (2024-2026)

Hildegunn Valen Kleive
(2024-2026)

Henrik Vikebakk Sandstad
(2024-2026)

Kamilla Grimstad Hagen
(2025-2027)

Reidun Oline Holme Juliussen
(2025-2027)

Louise Kaul (2025-2027)

Varamedlemmer:

Hanne Elisabeth Kervel Fjørtoft
(2025-2027)

Kristian Voksøy Steinsvik
(2025-2027)

Husnemnda

Tord Aksnes (2025-2027)

Sigbjørn Halle (2025-2027)



Roar Hatløy (2025-2027)

Margaret F. Vikebakk (2024-2026)
Astrid Hjellegjerde Viseth
(2024-2026)

Kasserar:

Oddgeir Nygjerde (2025-2027)

Revisor:

Harald Nordal (2025-2027)

Representant i nemnda for Torsdagsmøtet på Fredheim:

Kari-Janne Ljones Kulø (2025-2027)

Valnemnda:

Svein Arne Orvik (2024-2026)

Liv Osnes Dalbakken (2024-2026)

Arild Støylen (2024-2026)

Valperiodene står i parentes.

Kyrkjekontoret har hatt ansvar for utleige av Fredheim.

Helsing frå styret

Året 2025 vart nok eit aktivt år som forma og utvikla både folk og bygg gjennom allsidige programarbeid, gode møtepunkt, og dugnad både på Fredheim og speidarhytta. Av særskilde arrangement dette året så arrangerte Ulstein Ten-Sing eit flott Vintertreff i Ulsteinvik i februar, og 100 ulsteinspeidarar deltok på Landsleir på Gjøvik i juli. Arbeidet vårt er heilt avhengig av den viktige og store frivillige innsatsen som vert lagt ned gjennom året. Styret gler seg difor over alle som tek ansvar, og på ulikt vis bidreg til å skape gode og trygge møteplassar der ein får oppleve glede, tru, meistring og samhald.

Styret har gjennomført styremøta sine på Fredheim, og har i 2025 hatt 5 styremøter og handsama 43 saker. Kvart møte startar med ei andakt. Sakene har i hovudsak vore knytt til Fredheim, økonomi, programarbeid og dei faste arrangementa våre. Styret har, i tråd med tidlegare årsmøtevedtak, gitt støtte til barn og unge som har søkt om dette, og ynskjer på denne måten å bidra til utvikling og leiartrening for unge i organisasjonen vår.

Vi har eit nært og godt samarbeid med Ulstein sokn, både når det gjeld programarbeid og bruk av bygg. Soknet er vår største leigetakar av Fredheim, og dei har også administrasjonen rundt utleige av bygget, noko som har fungert veldig godt sett frå styret si side. Fredheim er vår viktigaste felles møtestad for arbeidet vårt, og det er difor viktig at vi klarer både å halde ved like og tilpasse dette bygget til dei behov vi måtte ha. I 2025 fekk vi på plass nye bord til storsalen og reparert toalett og vasstrykk. Vi fekk også tilsagn om støtte på 250 000 frå Sparebankstiftinga til oppgradering av bygget, noko som kjem godt med då vi både treng nytt brannalarmanlegg, oppgradering av kjøkken, og bytte/renovering av dei store vindauga i storsalen.

Det er elles gledeleg å sjå den store aktiviteten som er på huset gjennom veka, både for born, ungdom og vaksne. Dette medfører også eit stadig behov for både reinhald og vedlikehald, og styret er takksame for samarbeidet med husnemnda og alle dei timane som frivillige legg ned på Fredheim.

Det er godt med luft i ballongen til KFUK-KFUM Ulstein, takka vere alle dei som er med å blåse liv i arbeidet gjennom praktisk arbeid, økonomisk bidrag og sponning, programarbeid, forbøn og anna teneste.

Styret vil difor til slutt takke alle som på ulikt vis er med å drive arbeidet vårt framover.



"Barn og unge skal ha mot til å tro, ha håp for i morgen og vite at det er bruk for dem i dag."
(Ny visjon vedteken på Landsmøtet til KFUK-KFUM Norge i mai 2025)

Arnt Ole Grimstad, leiar

Faste arrangement

I løpet av året har hovudstyret ansvar for fleire årvisse arrangement. Dette er varierte tilstellingar som gjev påfyll og gode menneskemøte for folk i ulike aldrar i organisasjonen vår.

Oppstartsgudsteneste

Høstsemesteret åpnet med familiegudstjeneste i Ulstein kyrkje 24. august. Der bidro Ulstein KM med kirkekaffe på rådhusplenen etter gudstjenesten. Det ble servert pinneis, brownies, sjokoladekaker, kaffe og saft til de mange fremmøtte, og dette gikk unna som varmt hvetebrød.

Videre hadde vi lagt til rette for noen enkle aktiviteter for den yngre garde, og både boccia og bygging med klosser gikk rett hjem der i gården. De voksne var mer overlatt til seg selv uten verken leker eller annen planlagt underholdning, men undertegnede observerte likevel opptil flere av dem i munter passiar med hverandre underveis. Om dette skyldtes serveringen, oppholdsværet eller andre omstendigheter vites ikke, men både store og små så ut til å være godt fornøyde med å innvie høsten denne dagen.

Henrik Vikebakk Sandstad

Fredheimbasaren

Fredheimsbasaren ble i år arrangert 15. november. Dette var samme helg som Hødd arrangerte Tare cup, noe som trolig medførte at vi mistet en del potensielle tombola-deltakere på formiddagen samt flere dugnadsressurser som måtte prioritere andre oppgaver nordom fjorden.



Basarkomiteen i år var den samme som i fjor, og bestod av Reidun Oline Holme Juliussen, Henrik Vikebakk Sandstad og Liv Astrid Langnes. Dette gjorde planleggingen en hel del enklere, da vi kunne høste fruktene av erfaringene fra året i forveien. Vi har nå ganske gode og oversiktlige skjemaer og huskelister som kan videreføres til kommende års komiteer.

I forkant av Fredheimsbasaren har Ingun Fjørtoft og Odd Arne Vikebakk gjort en stor og enormt viktig jobb med å organisere og dele ut loddbøker, samt skaffe premier til disse. Loddbøkene utgjør størsteparten av inntektene fra basaren, og komiteen er svært glade og takknemlige for innsatsen denne duoen har lagt ned.

Tombolaen ble gjennomført på formiddagen i tidsrommet 10.30 til 13.00. Speiderne stod nok en gang for gjennomføring av selve tombolaen. De bidro med innkjøp av premier og gjorde en kjempejobb med loddsalg underveis. Samtidig kunne gjestene nyte godt av matsalget i andre enden av lokalet. TenSing både leverte og solgte god mat, kaker og kaffe. Komiteen vil rette en stor takk til alle i både Speideren og TenSing som har bidratt på en uvurderlig måte til å gjøre tombolaen til det høydepunktet den er.

Basarfesten startet kl. 17.00. Tradisjonen tro var det stinn brakk også i år, men ikke verre enn at premieutdelerne fikk brukbare arbeidsvilkår nedover gulvet i hovedsalen. Korklubben deltok vakkert med sang og glede i skjønn forening, og satte standarden for en fortreffelig ettermiddag på Fredheim. Karianne Orvik holdt deretter en fin andakt for oss, før programmet




dreide over til kveldens store høydepunkt, prikken over i-en, indrefiletten, rosinen i pølsa: åresalg og basar! Flere av festens deltakere hjalp til med åresalget. Videre loset Anne Kristine Bollestad oss gjennom trekningen mens noen av salens yngre representanter delte ut premier til fornøyde vinnere. Basaren forløp likt en fotballkamp på Høddvoll: over to intense omganger, med en solid matpause midtveis. Sistnevnte skal vi takke K-gruppene våre for, som igjen leverer god (og mye!) mat til sultne basardeltakere.

Avslutningsvis ble vinnerne av loddbøkene annonsert, og de som var til stede i salen fikk med seg sine premier hjem. Øvrige vinnere ble kontaktet i etterkant.

Totalt endte vi opp med et overskudd på ca. 137 000 kroner i år! Dette er omtrent 15 000 kroner mer enn året før, og et resultat vi sier oss godt fornøyde med. Hele Fredheimsbasaren er en stor, felles dugnad og vi er svært takknemlige for alle som på ulike måter har bidratt.

Basarkomiteen



Adventsfesten

Adventsfesten på Fredheim ble arrangert lørdag 6. desember 2025 med 40 påmelde, like mange som i fjor. Kamilla Grimstad Hagen og Hildegunn Valen Kleive var i komiteen.

Dette blei ein kjekk fest med god gryterett fra SUFH, eit sunnmørsk kakebord, julesong, julebingo med Hanne Fjørtoft og andakt av Hildegunn V. Kleive. Også i år tok det litt tid før påmeldinga kom skikkelig i gang, noko som gjer at det nye styret nok må reflektere over om dette er ein tradisjon det skal leggst arbeid i å fastholde.

Hildegunn Valen Kleive

Torsdagsmøta på Fredheim (Temakveldar frå hausten)

Torsdagsmøta på Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein NMS. For å kunne vere meir fleksibel på dag og opplegg, vart namnet frå hausten 2025 endra til "Temakveld". Temakveldane hadde ei pause våren 2025, men med ein ny komité på plass vart det fire fine kveldar på hausten. Komiteen for temakveldar vart sett saman slik i 2025: Kari-Janne Ljones Kulø (KFUK-KFUM), Inge Kaldhol (NMS), Janne Fylsvik Rønningen (Ulstein sokn).

Temakveldane var som følgjer:

23. januar: Frå misjonsarbeid i Mali. Foredrag: Nils Endre Eikeland

04. september: "KROPP – fortellingen om deg og hva den har med Gud å gjøre".

Foredrag: Erik Andreassen

18. september: Musikk som ressurs for barn i risiko - med utgangspunkt i musikkskolen i slummen i Bangkok. Foredrag: Ragnhild Danbolt Øygard

16. oktober: 100 år med nynorsk salmebok. Foredrag: Marit Kaldhol, musikk: Michelle Öhman.

Samarbeid med Mållaget

20. november: Min salme. Ein kveld rundt songar som har satt spor.

Familieleir på Orreneset

Helga 17-19. Januar 2025 arrangerte Ulstein KM og Ulstein sokn familieleir på Orreneset. I komiteen sat Karine Sæter og Christfried Kaul frå soknet og Tobias Hatløy frå Ulstein KM. På grunn av sjukdom måtte Karine Sæter trekke seg, og Kamilla G. Hagen tok over komitéarbeidet for Karine. Til seinare er det lurt å notere seg at det er viktig å få satt ein dato tidleg, samt få ut informasjon om dato for leiren så snart den er spikra. Det er òg viktig å få oppretta ein komité på eit tidleg tidspunkt

Vi var 59 store og små med på leir, og alle dei vaksne fekk tildelt ei dugnadsoppgåve. Veret var ikkje det beste, men vi kosa oss ute med bål og litt uteaktivitet. Vi hadde leirkveld med god underhaldning, møte, tweensamling og sosialt samvær.

Vi ser absolutt behovet for å ha ein familieleir, og Orreneset har svært gode lokale til leir, både sommar og vinter. Soknet har booka inn helga 23-25.oktober 2026 til neste familieleir.

Kamilla. G. Hagen

Årsmeldingar frå einingane

KFUK-KFUM Ulstein driv eit stort arbeid som når ut til mange barn og unge. Mange vaksne har eit viktig nettverk gjennom arbeidet i laget. Store flokkar tek del i speidararbeid, Ten Sing, Tween Sing og heile ni kvinnegrupper. Her kan du lese årsmeldingane frå dei ulike einingane.

Ulstein Ten Sing



Ansvarleg vaksenleiar *Ruben Voldsund*

Vaksenleiar *Kari-Janne Ljones Kulø, Reidar Kulø, Gunhild Snipsøyr, Bjørn Losvik, Hildegunn Valen Kleive, Anders Myrene, Karen Lee Myrene, Lars Erling Bjåstad Hovlid, Una Bjåstad Hovlid, Irene Hammer Nygjerde, Ole Terje Sukka*

Styreleiar *Sveinung Bjørnson Snipsøyr (vår), Sofie Aksnes (haust)*

Økonomileiar *Oddgeir Nygjerde (føresett)*

Danseleiar *Jenny Nygjerde (vår og haust) og Malin Breivik Kristensen (haust)*

Filmleiar *Eivind Bjåstad Hovlid*

Dirigent *Sofie Aksnes og Ovidie Barstad Nerbø*

Bandleiar *Sveinung Bjørnson Snipsøyr*

Andre styremedlemmar

Vår: Sjur Ljones Kulø, Louise Kaul, Osvald Nygjerde, Miriam Overvåg (vara)

Haust: Osvald Nygjerde, Sjur Ljones Kulø, Miriam Overvåg, Emilie Muren (vara)

Betalande medlemmar per 31.12.25: 48

Aktivitetar

2025 var som tidlegare år fylt av mykje aktivitet. Vi har hatt øving på Freheim kvar onsdag kveld mellom kl 19-21. Vi har starta samlingane med felles leik, etterfulgt av kor- og bandøving. Midtkvells har vi hatt ei pause med mat som medlemmane leverer på rundgang, samt andakt og infobolk. Etter litt meir øving avsluttar vi som alltid kvar samling med å synge velsigninga i lag.

Ein gong i månaden har vi gruppeøving. Her kan ein velje fritt mellom dans, film, drama eller leik, og det som vert produsert i desse gruppene vert framført ved ulike høve. Dei same onsdagane har vi avslutning i kyrkja der vi får eit ord for kvelden, og gjerne ei lita bønnevandring. Frå hausten 2025 har gruppa valt å avslutte med dramagruppe grunna låg interesse. I staden har vi frå hausten tilføyd Drypp-gruppe i staden - ei gruppe som skal arbeide med, og vidareutvikle Drypp-ungdomsgudstenester. I dette ligg det mellom anna å legge til rette for deltaking gjennom musikk, preike, bønnevandring og anna som har med gudsteneste å gjere.

Høgdepunkta har vore mange i 2025. Det mest naturlege å nemne først er Vintertreff på heimebane. I februar arrangerte Ulstein Ten Sing vintertreff i samarbeid med KFUK-KFUM Møre og Romsdal, der over 120 ungdommar frå regionen deltok.

Vi har vore med på "håpskonsert" i lag med studentkoret Yadah Gospel, sunge på gudsteneste, vårkonsert i Hareid kyrkje, og hatt aktivitetsskveld for 7.klassingar i lag med KRIK og Ulstein sokn for å rekruttere nye medlem.

Vi har kome i gang med å ha øvingslaurdagar igjen både på vår og haust. Dette er eit kjekt tilfang der vi kan bruke meir tid på øving, men kanskje mest for sosialt påfyll i avslappa rammer. Vi har som alltid delteke på Fredheimbasaren, samla inn pengar og mat til Hjartevarmeaksjonen og vi har vore med å glede mange på sjukeheimen med sang og musikk på Luciadagen. Vår årlege Gospel Night var sjølvstøtt eit høgdepunkt på hausten, noko som også gjeld dei andre Ten Sing-gruppene i regionen. Før alle kalenderlukene vart opna rakk vi å vere med å kore for EVEN på julekonsert i kyrkja, før vi på slutten av Ten sing-året avslutta med eit ordentleg juleball.



Vurdering av arbeidet

Til tross for at medlemstalet har gått noko ned frå førre åra er vi framleis mellom dei største Ten Sing-gruppene i landet. Det er ei stabil masse med deltakarar som alle set sitt preg på miljøet. Vi har lukkast med å skape rom for alle, og ikkje minst med å jobbe etter ideologien om “ungt ansvar - vakse nærvær”. Vi er stolte av ungdommar som tek ansvar, fyller sine roller og gjer ein framifrå jobb både som dirigent, band og styremedlem. Med stor takhøgde og lave skuldrar er ungdommane gode på inkludering, og når vi har nærare 40 oppmøtte i gjennomsnitt på øvingane stadfestar det at dette er ein god stad å vere.



Vi held fram med å sende ungdommar på Ten Sing-seminar. Dette leiartreningsprogrammet får vi att for. Vi utdannar unge leiarar til å ta ansvar for aktivitet, sosialt miljø, klima, berekraft og rekruttering. Utan desse sentrale unge leiarane fell arbeidet i grus, så vi er svært heldige som har ei slik ressurssterk gruppe med ungdommar.

Vår mål er framleis å gjere kreativitet, kultur og Kristus tilgjengelig og relevant for alle. Ulstein Ten Sing skal alltid vere ein trygg møteplass der alle vert sett og der ein kan få uttrykke seg kreativt.

Ruben Voldsund

Ulstein Tween Sing

Styret for Tweensing og korklubben har vore sammensett slik:

Oda Jonette Røyset - leiar

Janne Aschehoug – styremedlem

Tone-Lise Osnes- styremedlem

Birgitte Vikanes – styremedlem

Kamilla Grimstad Hagen – styremedlem, representant for Ulstein KM

Pianist:

Michelle Ohman frå hausten 2023.

Dirigent:

Kamilla Grimstad Hagen og Line Aksnes



Koret har teke del ved desse arrangementa i 2025

Familiegudsteneste 16/3

Sjukeheimsforening 7/5

Familiegudsteneste 25/12

“Full pakke” gudsteneste 19/10

“Lys våken” gudsteneste 30/11

Julenattene 22/12

Julaftengudsteneste 24/12

Om året

I 2025 har koret hatt vanlig mønster på øvingane, med øving annakvar tirsdag på Fredheim.

Vi har sunge på gudstenester, sjukeheimsforening og julenattene. (Nytt av året.)

Betalande medlemmer kalenderåret 2025 er 18.

Vi ser at det er eit stadig minkande tal med songarar på tweensing. Det er eit krevande arbeid å stå i, då det er svært varierende oppmøte og til dels lite motivasjon hos koristane. Vi har òg merka nedgang etter at vi bytta øvingsdag frå torsdag til tirsdag.

Vi har prøvd å gjere nokon grep for å få fleire songarar til, med mellom anna med å prøve å lære inn ein dans. Vi opplevde også at det var fleire av songarane som vart motivert av å skulle opptre på julenattene. Vi håpar at fleire songarar finn vegen til tweensing og at vi kan få ein oppsving.

Kamilla Grimstad Hagen

Ulstein KFUK-KFUM-speidarar



Oversikt over troppen og aktivitetar

Dette er troppen: Stifinnarjentene (3.-4. klasse), stifinnargutane (3.-4. klasse), vandrarjenter (5.-10. klasse), vandrargutar (5.- 10. klasse) og roverar (11. klasse - 25 år). Ved utgangen av 2025 hadde vi 234 betalande medlemar inkl. leiarar. Vi er ei aktiv tropp som stadig veks.

Dei ulike patruljene har møte om lag annakvar veke. Møta føregår for det meste ute, og mange grupper har fast leirplass. Aktiviteten i gruppa er i hovudsak retta mot friluftsliv og opplæring i diverse speidaraktivitetar som leirbygging og naturkunnskap, men også personleg utvikling og samarbeid i grupper.

Stifinnargruppene er store, så her trengs fleire leiarar og helst også litt foreldrehjelp på møta, slik at ein kan dele speidarane i mindre grupper under møtene.

Vi har 11 vandrargrupper (sjå under). Sjølv om patruljene er delt inn etter kjønn og alder, har vi mange arenaer der speidarane treffes på tvers gjennom året. Troppsmøter og overnattingsturar er eksempel på dette.

Vi oppmodar ungdomsskulespeidarane om å være med i barneskulepatruljene som peffar, og fleire grip denne sjansen.

Vi har dei siste åra også hatt omlag 3 møter kvart semester som er for ungdomsskulespeidarane samla, og tenker at dette ein god arena der ungdommane kan bli betre kjent med kvarandre på tvers av alderstrinn og kjønn.

Det er veldig kjekt at rovergruppa VARG er ein god og stabil gjeng med ungdomar/unge voksne som er aktive både med egne møter og turar, og gode bidragsytarar inn mot dei yngre speidarane.

I tillegg til troppens egne aktivitetar deltek dei som har lyst og høve på arrangement i regi av krinsen gjennom året.

Følgjande patruljer hadde vi ved utgangen av 2025:

Stifinnargutane (3. og 4. klasse)	Kontaktperson: Kristian Osnes (996 29 165)
Stifinnarjentene (3. og 4. klasse)	Kontaktperson: Hanne Kervel Fjørtoft (980 50 080)
Jerv (gutar 5. klasse)	Kontaktperson: Øyvind E. Christiansen (976 80 501)
Ekorn (jenter 5. klasse)	Kontaktperson: Ester Osnes (971 00 834)
Ulv (gutar 6. klasse)	Kontaktperson: Arnt Ole Grimstad (928 12 216)
Oter (med flått) (jenter 6. klasse)	Kontaktperson: Line Aksnes (482 26 782)
Grevling (gutar 7. klasse)	Kontaktperson: Helge Stjern Tvedt (959 75 142)
Gaupe (jenter 7. klasse)	Kontaktperson: Kamilla Grimstad Hagen (988 31 417)
Panter (gutar 8. klasse)	Kontaktperson: Tord Aksnes (488 97 284)
Snøugle (jenter 8. klasse)	Kontaktperson: Torstein Vattøy (913 58 739)
Fjellrev (gutar 9. klasse)	Kontaktperson: Kristian Osnes (996 29 165)
Falk (jenter 9. klasse)	Kontaktperson: Silje Aksnes (993 79 147)
Mink (jenter 10. klasse)	Kontaktperson: Elisabeth Hovlid (951 65 848)

VARG (roverane)

Roverdronning: Astrid Eline Anderson (948 13 042)

Roverknekt: Sveinung Bjørnson Snipsøyr (908 26 656)

Turleiar: Torstein Vattøy (91358739)

Gruppeleiarar: Elisabeth K. Hovlid (95165848) og Hanne Marte G. Sukka (99649996)

Styret: Elisabeth Kirkengen Hovlid, Hanne Marte Grimstad Sukka, Siv Elizabeth Ulstein, Christfried Kaul (kasserer), Astrid Eline Anderson. Vara: Torstein Vattøy og Sveinung Snipsøyr.



Små og store høgdepunkt frå 2025

- Troppen har som vanleg hatt fleire overnattingsturar gjennom året. Årets turar har gått til Tørlingeskaret, Hatløya, Nassetelva, Nibben og Holesanden. Turane er populære og har god deltagelse.
- Fleire av patruljene har sendt/mottatt bilde- og videohelsingar til/frå ei tropp med speidarar i Ilula Tanzania gjennom året. Vi prøver å etablere dette som ein årlig tradisjon, omkring World thinking day 22. februar.
- Årets nyskaping var 17.-maifrukost på Fredheim - rundt våre frokostbord er det plass til alle. I et forsøk på å tilpasse oss endringar i 17.-maiprogrammet i Ulstein blei den årelange tradisjonen med kafe bytta ut med frokost og kyrkjekaffi. Takk spesielt til Christfried og Birgitte som hadde hovedansvaret for dette. Dette vart også ein fin dugnad og inntekstkilde i forkant av Speidernes landsleir. Vi var særst nøgde med nyskapinga, og det er godt mogleg at vi vil gjenta konseptet.



- Årets definitive høgdepunkt var **Speidernes landsleir** på Gjøvik i juli. 98 Ulsteinspeidarar deltok! Alle var i aksjon for å bygge opp leirplassen vår og vi hadde uforglemmelege dagar saman. På programmet gjennom uka sto kjente leiraktiviteter som leirbål, haik, scouts own, globallop (som bl. a. anna var til inntekt for våre speidarvenner i Ilula), marknadsdag og sporlop. Vi var blant anna verter for krinsleirbål, og inviterte også ei stor gruppe speidarar frå Irland til denne samlinga. Mykje tid gjekk også til den daglege driften i leiren vår - det tar tid å lage mat til og vaske opp etter nærare 100 speidarar når alt skal gjerast utandørs - og alle deltok.
- Vi var bedne om å vere vertspatrulje for 2 speidarar fra Ilula Tanzania under landsleiren, og hadde budd oss godt for det, men grunna visumtrøbbel kom ikkje Ilula-speidarane til

Noreg før etter at leiren var avslutta. Det måtte lagast alternativt program til dei to gjestane og då dei vart sendt til SUFH for å delta på sommerseminar der, vart vi utfordra til å lage speidaraktivitet for dei mens dei var i Ulsteinvik. Dette resulterte blant anna i ein fin vandretur frå SUFH til Bugardsmyra, innom fleire leirplassar, og bål med grilling og sosialisering ved Bugardsmyra. I tillegg klarte vi å samle ein stor gjeng speidarar til leirbål på Osnessanden - midt i juli. En stor takk til alle som deltok og skapte minner for livet for gjestene fra Ilula!



- På oppmoding frå kinosjefen bygde speidarane (roverane) portal og sette opp bålpanner utanfor Sjøborg/kinoen då filmen Grevlingane hadde premiere i høst. Speidarane fekk rabatt på kinobilletter, og salen var full av små og store med speidarskerf frå heile øya.
- I høst deltok vi i plastyddeaksjon (Handelens miljøfond), og hadde et troppsmøte der vi rydda Haddal og områdene rundt for plast. Dette blei ei god inntektskilde for troppen.
- Mange speidarar var også med på konsert i Campus Volda då Ulsteinspeidarane var blant dei utvalgte som fikk tildelt penger frå Sparebanken Norge sin Hjartebank-aksjon.

<https://www.facebook.com/share/v/14H9SzwFn/?mibextid=wwXlfr>

- I november var det som vanleg Fredheimsbasar med speidaranes sin tombola, og dagen etterpå var det speidargudstjeneste i Ulstein kyrkje der speidarane deltok i mange oppgåver.
- I desember inviterte vi speidarane i Hjørungavåg og Hareid til felles juleleirbål på SUFH. Der var det underholdning på ekte speidarvis og julekos med gløgg og mandariner. Over 100 speidarar var samla.
- Vi bidrog også i Ulstein næringsforum sin Julstein adventskalender, så ein kveld i desember inviterte vi alle interesserte til Blåhuspassasjen der vi hadde fyrt opp bålpanner, steikte pinnebrød og hadde andre speidaraktivitetar. Det var kaldt og hustrigt, og i hovedsak speidarar som møtte opp, men kjekt lell.
- Arbeidet med speidarhytta på Fjelle skrid fram, og er nå snart klar til bruk. Det er lagt ned stor arbeidsinnsats gjennom året av speidarar, leiarar og foreldre, stødig leia av Reidar Kulø.



Vi ser tilbake på et år med stor aktivitet der det er skapt mange nye speiderminner for liten og stor, og gler oss til 2026.

Kvinnegruppene (K-gruppene)

I KFUK-KFUM Ulstein er det ni kvinnegrupper: Forbundsringen og åtte K-grupper. Medlemstalet held seg stabilt på rundt 80 medlemmer. Gruppene møtast i heimane, og rullerer på dette. Nokre grupper møtast ein gong i månaden, andre grupper oftare. Innhaldet i samlingane er opp til kvar gruppe, og kan vere samtalekveld, delekveld, temakveld (t.d. med diskusjon rundt ulike tema, evt med ein ekstern gjest), andakt, tekstlesing frå Bibelen/andre tekster, turar ut i det fri og meir. Gruppene er ein viktig del av kyrkja si kvinnearbeid, og viktige bidragsytarar i fellesskapet rundt Fredheim, både med dugnadsarbeid og kyrkjekaffi, samt gjennom økonomiske bidrag. Nokre grupper samlar inn pengar til misjonsprosjekt eller til krinsens arbeid.

På K- dagen 24. april 2025 arrangerte ein komité med medlemmer på tvers av K-gruppene ei samling på SUFH under temaet «Ettervarme». Her blei vi kjente med kvinnenettverksarbeid i Ilula i Tanzania, og Birgit Kjoss Lyng presenterte videoar og faktaopplysninger frå arbeidet. Ungdommer frå Change-programmet til KFUK KFUM tok også del. I tillegg brukte vi tid på å diskutere kven vi vere og kva vi ønsker å gjere i de forskjellige K-gruppene. Referat frå møtet ligg på KFUK-Ulstein gruppa si Facebook side.

Det må og nemnast at K-gruppene også i 2025 gjorde ein stor innsats på Fredheimbasaren.

Oversikt over gruppene med gruppeleiar/kontaktperson medlemmer

K- gruppe 1	Gunn Randi Solstad	9 medlemmer	gurasol@gmail.com
K- gruppe 2	Elfrid Kleven Hanstad	12 medlemmer	kleven.hanstad@gmail.com
K- gruppe 3	Norunn Kirkebø Elde	8 medlemmer	norunn.elde@gmail.com
K- gruppe 4	Birgitte Øvrelid,	10 medlemmer	ovrelid@yahoo.no
K- gruppe 5	Hiljerd Myrene	11 medlemmer	Hiljerd@myrene.net
K- gruppe 6	Karianne Orvik	6 medlemmer	karianneorvik@gmail.com
K- gruppe 7	Oda J. Hofset,	8 medlemmer	oda.jonette@gmail.com
K- gruppe 8	Olaug Vikebakk,	9 medlemmer	ovikebakk@gmail.com
Forbundsringen	Hilde Petra Brungot,	8+ medlemmer	petrabru@online.no

Hildegunn Valen Kleive

Årsmeldinga vart godkjent på årsmøtet til KFUK-KFUM Ulstein 24.februar 2026.



Arnt Ole Grimstad
Styreleiar KFUK-KFUM Ulstein